

Alternativ 1 – samordning av områdelaga

Tilpassing av vedtekter/ punkt vedr. samordningsorgan.

Ved ei løysing der dei to laga får eit felles samordningsorgan vil det ikkje vera nødvendig med nye, felles vedtekter. Det kan likevel godt vera at det er hensiktsmessig, men det blir i så fall ei vurdering som utgreiinga fram til årsmøta 2023 må ta stilling til. Ei viss tilpassing kan uansett vera bra, likeeins bør det inn tillegg som heng saman med samordningsorganet.

Her er eit utkast til slike sams vedtekter. Dersom årsmøta våren 22 vel å gå for alt.1., kan framlegget fylgja med som eit arbeidsgrunnlag ved etablering av samordningsorgan og til årsmøta 23.

Sogn og Fjordane folkemusikklag	Hordaland Folkemusikklag	Fellesframlegg ved alternativ 1
§1 FØREMÅL Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i Sogn og Fjordane gjennom å arbeide for å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans.	§ 1 Føremål: Hordaland folkemusikklag (HFL) skal arbeida for å fremja interessa og aktivitet innan folkemusikk og folkedans som det er tradisjon for i fylket.	<i>§1 Føremål:</i> <i>SFFL / HFL skal vidareformidla folkemusikktradisjonane på vestlandet, primært innanfor Vestland fylke. Dei skal slik auka kunnskapen om og interessa for tradisjonelt spel, song og dans i området.</i> <i>Lokallag i tilgrensande områder kan søkja om medlemskap.</i>
§2 LAGSOPPGÅVER SFFL skal: <ul style="list-style-type: none">- samordne arbeidet for folkemusikk og -dans i samsvar med føremålet for organisasjonen- legge tilhøve til rette for arbeidet i lokallaga- medverke til å skipe nye lokallag- drive opplærings- og kursverksemd- i samsvar med føremålet ivareta interessene andsynes fylkeskommunale styresmakter- syte for at det vert skipa til fylkeskappleik kvart år	§ 2 Oppgåver: HFL skal: Medverka til skiping av nye lokallag Ta opp saker av interesse for medlemmane, og halde kontakt med fylkeskommunale styresmakter. Organisera opplæring - og kursverksemd. Syta for at det blir halde fylkes- og distriktskappleikar. Søkja kontakt med andre organisasjoner, lag og einskildpersonar det kan vera verdfullt og naturleg å samarbeida med.	<i>§2 Oppgåver:</i> <i>SFFL / HFL skal samordna arbeidet mellom lokallag, områdelag og FolkOrg</i> <i>I samråd med SFFL/HFL syta for eit felles samordningsutval for SFFL og HFL, og at instruks for samordningsutval blir utarbeidd og godkjend av årsmøta i SFFL og HFL.</i> <i>Medverka til skiping av nye lokallag der det ligg til rette for det</i> <i>Organisera opplærings- og kursverksemd</i> <i>Vera kontaktledd mot offentlege organ/styresmakter</i> <i>Søkja kontakt med andre organisasjoner, lag og einskildpersonar det kan vera</i>

		<p><i>verdfullt og naturleg å samarbeida med.</i></p> <p><i>Syta for at det blir halde fylkeskappleik og distrikskappleikar kvart år</i></p> <p><i>Ta opp saker/problemstillingar av interesse for lokallaga og medlemene.</i></p>
<p>§3 MEDLEMSKAP.</p> <p>TILKNYTTING</p> <p>Fylkeslaget er knytt til Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg (FolkOrg). Alle lokallaga i fylket som er med i FolkOrg er medlemmer av SFFL.</p> <p>Lokallaga betaler medlemskontingent til SFFL. Einskildmedlemmer kan bli direkte medlemmer i SFFL dersom dei ikkje naturleg kan vere medlem i eit lokallag. Dei betalar kontingenent til FolkOrg og SFFL.</p>	<p>§ 3 Medlemskap</p> <p>Hordaland folkemusikklag er tilslutta Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg (FolkOrg). Alle lokallag i fylket tilslutta FolkOrg er medlemer i HFL</p>	<p>§3 Medlemskap:</p> <p><i>SFFL/HFL er tilslutta Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Noreg (FolkOrg). Alle lokallaga innafor området tilslutta FolkOrg er og medlem i SFFL/HFL. Medlemer i lokallag blir og medlem i områdelaget.</i></p> <p><i>Einskildmedlemer kan bli direkte medlem i områdelaget dersom dei ikkje naturleg kan vera medlem i eit lokallag.</i></p>
<p>§4 ÅRSMØTE</p> <p>Årsmøte vert halde kvart år og skal avviklast før årsmøtet i FolkOrg.</p> <p>Alle medlemmer i lokallag eller direkte medlemmer har møte- og talerett. Kvart lokallag har rett på 2 utsendingar. Røysterett på årsmøtet har dei valde utsendingane og styret i SFFL. Styret i SFFL har ikkje røysterett ved handsaming av årsmelding og rekneskap.</p> <p>Framlegg til saker som skal opp på årsmøtet til avgjerd, må sendast til styret seinast 5 veker før årsmøtet. Lokallaga skal ha melding om tidspunkt for årsmøtet i god tid før denne fristen.</p> <p>Sakliste vert sendt lokallaga minst 3 veker før årsmøtet. Alle saker som ikkje gjeld oppløysing eller lovbrigde vert</p>	<p>§ 4 Årsmøte:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Rekneskapen skal følgja kalenderåret. <p>Alle medlemslag har rett til to utsendingar med framleggs- og røysterett til årsmøtet.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Saker som skal handsamast på årsmøtet må meldast skriftleg til styret innan 31.januar. - Styret fastset tid og stad for årsmøtet og sender skriftleg innkalling til medlemslag 3 veker før møtet. Saman med innkalling skal følgja årsmelding, rekneskap og liste over innkomne saker til handsaming. - Årsmøtet er vedtaksført når det er lovleg innkalla. - Alle saker utanom vedtektsendring og oppløysing, vert avgjort med vanleg fleirtal. Ved likt røystetal har leiar dobbelrøyst. 	<p>§ 4 Årsmøte:</p> <p><i>Årsmøtet er høgaste instans i SFFL/HFL, og vert halde kvart år i mars månad. Er det landsmøte i FolkOrg skal årsmøtet haldast før det.</i></p> <p><i>Alle medlemmer har møte og talerett, kvart lag har rett på to utsendingar.</i></p> <p><i>Styret i granneområdet (SFBL / HFL) har møte og talerett på årsmøtet, likeeins representant for samordningsorganet</i></p> <p><i>Framleggs- og røysterett har dei valde utsendingane og styret i områdelaget.</i></p> <p><i>Saker som skal handsamast på årsmøtet må meldast skriftleg til styret innan 31.januar.</i></p> <p><i>Styret fastset tid og stad for årsmøtet og sender skriftleg innkalling til medlemslag 3 veker før møtet. Saman med</i></p>

<p>avgjorde med simpelt fleirtal. Ved likt røystetal avgjer leiaren si røyst utfallet.</p> <p>Årsmøtet skal:</p> <ul style="list-style-type: none"> • velje møteleiar, referent og to til å skrive under møteboka saman med møteleiaren • handsame styret sitt framlegg til årsmelding, rekneskap og arbeidsprogram for komande år • fastsetje kontingen • velje styre med varamedlemmer, revisorar, valnemnd og utsending(ar) til årsmøtet i FolkOrg • handsame andre saker som er tekne opp av styret eller lokallaga og som ligg innanfor føremålet for organisasjonen 	<p>- Styremedlem har ikkje røysterett ved handsaming av årsmelding og rekneskap.</p> <p>Dagsorden på årsmøte:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Namneopprop 2. Godkjenning av innkalling 3. Godkjenning av sakliste 4. Val av møtereferent (ar) 5. Val av møteleiar 6. Val av to protokollunderskrivarar 7. Årsmelding 8. Revidert rekneskap 9. Innmelde saker 10. Handlingsplan for komande år 11. Fastsettjing av kontingen 12. Val: Leiар 1 år, 1 styremedlem for to år, to varamedlemer for 1 år, 2 revisorar for eit år og tre personar til valnemnd for 1 år. Alle val skal vera skriftleg dersom nokon ber om det. 	<p><i>innkalling skal følgja årsmelding, rekneskap innkomne saker til handsaming.</i></p> <p><i>Årsmøtet er vedtaksført når det er lovleg innkalla.</i></p> <p><i>Alle saker utanom vedtektsendring og opplysing vert avgjort med simpelt fleirtal. Ved likt røystetal har leiari dobbelrøyst.</i></p> <p><i>Dagsorden på årsmøte:</i></p> <ol style="list-style-type: none"> 1. <i>Namneopprop</i> 2. <i>Val av møteleiar</i> 3. <i>Val av møtereferent(ar)</i> 4. <i>Val av to til å signera protokoll</i> 5. <i>Godkjenning av innkalling</i> 6. <i>Godkjenning av dagsorden</i> 7. <i>Årsmelding</i> 8. <i>Rapport frå samordningsutvalet</i> 9. <i>Rekneskap</i> 10. <i>Innmelde saker</i> 11. <i>Handlingsplan for komande år og langtidsplan for 3 år</i> 12. <i>Fastsettjing av kontingen for lag og medlemer</i> 13. <i>Budsjett</i> 14. <i>Val</i>
<p>§5 VAL</p> <p>Styret er samansett av ein leiari og fire faste medlemer.</p> <p>Leiaren vert vald av årsmøtet for eitt år, styremedlemmene for to år slik at to er på val kvart år. Dessutan vel årsmøtet for eitt år tre varamedlemmer til styret, og ein revisor. Det skal også veljast ei valnemnd på tre personar for eitt år, der ein vert vald som leiari. Dersom nokon av utsendingane krev det, skal vala skje skriftleg. Styret konstituerer seg sjølv.</p>	<p>Inngår i § 4</p>	<p>§5 Val:</p> <p><i>Styret er samansett av ein leiari og fire faste medlemer.</i></p> <p><i>Leiaren vert vald av årsmøtet for eitt år, styremedlemmene for to år slik at to er på val kvart år.</i></p> <p><i>Dessutan vel årsmøtet for eitt år tre varamedlemmer til styret.</i></p> <p><i>Om det vert kravd, skal det veljast revisor</i></p> <p><i>Leiar og ein av styremedlemmene inngår i samordningsutvalet. Det skal i tillegg veljast ein representant utanom styret for to år.</i></p>

		<p><i>Det skal også veljast ei valnemnd på tre personar for eitt år, der ein vert vald som leiar. Dersom nokon av utsendingane krev det, skal vala skje skriftleg. Styret konstituerer seg sjølv.</i></p>	
§6 STYRET	<p>Styret er ansvarleg for leiing av SFFL og skal gjennomføre arbeidsprogram og andre saker som årsmøtet har gjort vedtak om.</p> <p>Styret kan elles ta opp saker som ligg innanfor laget sitt føremål og arbeidsoppgåver. Leiaren kallar inn til styremøte og er ansvarleg for leiing av møta.</p> <p>Styret er vedtaksført når minst tre av medlemane er til stades og innkallinga er sendt med minst ei vekes varsel. Styret kan vedta at tre av medlemmene skal fungere som arbeidsutval. Styret kan nemne opp nemnder til å ta seg av særskilde oppgåver innanfor laget sitt føremål.</p>	<p>§ 6 Styret:</p> <p>Styret skal vera samansett av 1 leiar, 2 styremedlemer og 2 varamedlemer.</p> <p>Styret konstituerer seg sjølv.</p> <p>Styret er ansvarleg for gjennomføring av årsmøtet, i samsvar med desse vedtektena.</p> <p>Styret leier den daglege drifta av laget, slik vedtektena seier, og etter dei retningslinjer årsmøtet dreg opp.</p> <p>Styret vel utsending til årsmøte i FolkOrg.</p> <p>Leiar kallar inn til møte så ofte som naudsynt.</p> <p>Styret er vedtaksført når det er fulltallig.</p> <p>Notat frå styremøta skal sendast til medlemslaget snarast råd etter møtet eller kunngjera på laget si heimeside.</p>	<p>§ 6 Styret:</p> <p><i>Styret er ansvarleg for leiing av SFFL/HFL og skal gjennomføra drifta i samsvar med vedtekter, arbeidsprogram og andre retningsliner som årsmøtet dreg opp.</i></p> <p><i>Styret kan ellers ta opp saker som ligg innanfor laget sitt føremål og arbeidsoppgåver.</i></p> <p><i>Styret er ansvarleg for gjennomføring av årsmøtet i samsvar med gjeldande vedtekter</i></p> <p><i>Styret vel utsending til landsmøte i FolkOrg</i></p> <p><i>Styret er vedtaksført når minst tre av medlemene er til stades og innkallinga er sendt med minst ei vekes varsel. Leiaren kallar inn til styremøte og er ansvarleg for leiing av møta.</i></p> <p><i>Styret skal teikna ansvarsforsikring for styret.</i></p> <p><i>Referat frå styremøta skal kunngjera på laget si heimeside snarast råd etter møtet.</i></p>
§7 OMRFRAMT ÅRSMØTE	<p>Det skal haldast omframt årsmøte dersom styret finn at særskilde høve gjer det naudsynt eller minst 1/3 av laga krev det.</p>	<p>§ 5 Omframt årsmøte:</p> <p>Dersom styret eller 1/3 av medlemslaget krev det, skal det haldast omframt årsmøte.</p> <p>Omframt årsmøte skal innkallast seinast 3 veker før møtet. Saman med innkallinga skal følgja saksliste.</p>	<p>§ 7 Omframt årsmøte:</p> <p><i>Dersom styret eller 1/3 av medlemslaget krev det, skal det haldast omframt årsmøte.</i></p> <p><i>Omframt årsmøte skal innkallast seinast 3 veker før møtet. Saman med innkallinga skal følgja saksliste.</i></p>
§8 OPPLØYSING	<p>SFFL kan berre løysast opp av årsmøtet med minst 3/4 fleirtal. Vert SFFL løyst opp og ikkje innan ti år tek opp att arbeidet</p>	<p>§ 8 Opplysing</p> <p>HFL kan berre opplysst etter årsmøtevedtak, og må då ha minst 3/4-dels fleirtal.</p>	<p>§ 8 Heidersmedlemskap:</p> <p><i>Styret kan utnemna til heidersmedlem den som har arbeidd særleg godt og lenge for føremålet.</i></p>

<p>på same grunnlag, avgjer FolkOrg korleis laget si eige skal takast vare på og eventuelt disponererast i fylket til føremål laget har arbeidd for</p>	<p>Laget sine eigneluter skal då takast vare på av FolkOrg. Dersom laget ikkje vert teke oppatt på same grunnlag innan 5 år, skal FolkOrg og eit leiarmøte i fylket avgjera på kva måte eventuelle midlar kan nyttast til beste for folkemusikken og den tradisjonelle folkedansen innan fylket.</p>	<p><i>Heidersmedlemer skal ha synleg prov på æra og gå fritt på alle arrangement som VFL skipar til.</i></p>
		<p><i>§9 Vedtektsendring:</i> <i>Endring i desse vedtektena kan berre gjerast på årsmøte eller omframt årsmøte,</i> <i>og må då ha minst 2/3-dels fleirtal.</i></p>
<p>§9 LOVENDRING Denne lova kan berre endrast av årsmøtet eller omframt årsmøte med minst 2/3 fleirtal.</p>	<p>§ 7 Vedtektsendring: Endring i desse vedtektena kan berre gjerast på årsmøte, og må då ha minst 2/3-dels fleirtal.</p>	<p>§10 Opploysing: <i>SFFL/HFL kan berre opploysast etter årsmøtevedtak, og må då ha minst 3/4-dels fleirtal. Laget sine eigneluter skal då takast vare på av FolkOrg</i> <i>Dersom laget ikkje vert teke oppatt på same grunnlag innan 5 år, skal FolkOrg og eit leiarmøte frå lokallaga avgjera på kva måte eventuelle midlar kan nyttast til beste for folkemusikken og den tradisjonelle folkedansen innan området.</i></p>

Flekke, Naustdal, Tørvikbygd, Osterøy 17.12.2021

Arbeidsgruppa for samhandling mellom områdelaga i Sogn og Fjordane og Hordaland

Knut David Hustveit Ingriå Schei Stuhaug Per Øyvind Tveiten Åslaug Timenes Bell